

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i 1953:

Noreg har vori med i den 8. generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, og er vald til medlem av Det økonomiske og sosiale rådet for tre år frå 1. januar 1954.

Noreg har elles vori representert på ei rad mellomfolkelege konferansar og møte, politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle og andre.

I Korea er det komi til våpenkvild frå 27. juli 1953.

Det norske hjelpearbeidet i India har komi godt i gang.

Det er gjort mange både fleirsidige og tosidige avtalar med framande makter.

Forsvaret.

Utbygginga av forsvaret har haldi fram i samsvar med dei planane som Stortinget har sagt seg samd i og dei prinsippvedtaka det har gjort, men utbygginga kom seinare i gang enn opphavleg tenkt og ligg framleis noko etter programmet.

Hæren har ikkje hatt nokon brigade i Tyskland etter 1. mai 1953. Sidan 1. september 1953 har den hatt ein ståande brigade i Noreg. Det som det er plass til, er stasjonert i Nord-Noreg i etablissement i Indre Troms. Resten er stasjonert på Austlandet og i Trøndelag.

Flåten og Flyvåpenet har no faste samøvingar med den danske flåten og det danske flyvåpenet.

Flåten, Flyvåpenet og Luftvernartilleriet har òg vori med på samøvingar med andre Atlantpakt-land.

Opplæringa av flygarar i USA og Canada har haldi fram.

Levering av forsvarsmateriell i samband med det amerikanske hjelpeprogrammet har haldi fram i samsvar med planane. Sameleis

er flyplassar, sambandsliner m. m. utbygde i samsvar med planane for dei forsvarstiltak som Atlantpakt-landa finansierer i lag.

Den nye vernepliktslova som det vart gjort vedtak om i juli 1953, vart sett i kraft frå 15. september 1953.

Det er sett i gang ei utgreiing med sikte på å koma med framlegg om justeringar i den kvantitative og kvalitative målsetjinga i forsvaret innanfor den ramma som er fastsett for økonomi, personell og materiell. Utgreiinga skal byggje på den rekkjefylgd av oppgåvene som Stortinget sa seg samd i i juli 1953 då det drøfta framlegget til Forsvarsskipnad m. m., og på det som nå ligg føre om forsvarsplanane innan Atlant-pakta og om våpenhjelp og samfinansierte tiltak.

Den økonomiske vernebuinga er førd vidare fram.

Produksjonsutviklinga.

Framgangen i vare- og tenesteproduksjonen var noko større i 1953 enn året før, men utviklinga var ulik i dei ymse næringane. I jordbruket var produksjonen, serleg av planteprodukt, monaleg høgre enn i 1952. Vinninga av fiske og fangst, og avverkinga i skogbruket vart derimot mindre enn førre året. I utførsleindustrien tok verksemda seg godt opp ut på året, og produksjonen i heile industrien auka alt i alt. Verksemda i byggje- og anleggsnæringa var større enn i noko anna år etter krigen.

Utanriksøkonomien.

Verdet av vareutførsla har vori noko lågare i 1953 enn i året før. Når ein tek med kvalolje som er levert beinveges frå feltet, blir utførsleverdet etter førebels oppgåver om lag 3 600 mill. kroner. Skip er da ikkje medrekna. Dette er ein nedgang frå 1952 på 300 mill. kroner. Verdet av vareinnførsla utanom skip var i 1953 etter førebels oppgåver noko under

5 600 mill. kroner, eller om lag det same som i 1952. I dei 11 første månadene vart det selt skip for 158 mill. kroner og innført skip for 759 mill. kroner. Tilsvarande tal for same tidsromet i 1952 var 258 og 618 mill. kroner. Innførsleoverskotet av skip i dei første 11 månadene var såleis om lag 600 mill. kroner i 1953 mot 360 mill. kroner i 1952.

Mengda av utførslevarane utanom skip ligg etter dei førebels oppgåvene over nivået i 1952. Serleg har det vori auke i utførslemengdene av treforedlingsprodukt og av malm. Utførslemengdene av fisk var monaleg lågare i 1953 enn i 1952. Av varer som det vart innført meir av i 1953 enn året før, kan nemnast maskinar, korn og kornvarer, frukt, spinnestoff, garn og tråd, og ty og klede. Det har vori mindre innførsle av malm, jarn og stål, trelast og kaffi.

Prisane på utførslevarane har vori tolleg stabile i 1953, men har legi ein god del lågare enn medeltalet for 1952. Det er nedgang i prisane for sume malmslag. Prisane på innførslevarane seig ikkje så sterkt i 1952 som utførsleprisane, men gjekk enda noko ned i 1953. Høvet mellom prisane på dei varer vi har ført ut, og dei varer vi har ført inn, var ikkje så bra som i 1952.

Innførsleoverskotet av varer utanom skip gjekk opp med om lag 350 mill. kroner frå 1952 til 1953. Nettoinnførsla av skip auka med nære på 350 mill. kroner, samstundes som nettofraktinntektene i utanriksfarten venteleg blir snautt 500 mill. kroner mindre enn i 1952. Ein reknar med at underskotet på vare- og teneste-balansen etter dette blir om lag 1 000 mill. kroner. Året før hadde vi om lag jamvekt i vare- og tenestebyte med utlandet. I 1953 tok vi mot 33 mill. kroner meir i netto-stønader frå utlandet enn vi betalte i netto-rente til utlandet.

Underskotet på driftsbalansen vart dekt med kreditt i Den europeiske betalingsunionen (gjelda vår der auka med om lag 450 mill. kroner), ved opptak av faste utanlandske lån og ved auke i forretningsgjelda til utlandet. Den likvide valutamengd i Norges Bank og privatbankene, har derimot ikkje gått ned.

Jordbruket.

Vokstertilhøva var svært gode i 1953 så nær som i visse luter av Nordland, og i Troms og Finnmark, der tørken reduserte avlingane sterkt. Likevel vart totalavlinga i jordbruket den største som landet har hatt.

Etter ei førebels utrekning er heile avlinga i 1953 2 212 mill. føreiningar. Dette er 127 mill. føreiningar over eit medels år og 200 mill.

føreiningar over avlinga i fjor. I hagebruket vart det òg uvanleg store grønnsakavlingar, men fruktavlingane vart berre 60—70 pst. av eit medels år.

Kornarealet og grønnsakarealet har auka. Omlegginga til førkorndyrking — og da serleg bygg — har haldi fram.

Mekaniseringa har haldi fram, og har vori ei sers viktig hjelp mot skorten på arbeidskraft i jordbruket. Ein reknar med at det no er om lag 20 000 jordbrukstraktorar i landet.

Hestehaldet har gått enda meir ned. Det er òg noko nedgang i talet på mjølkekyr, medan talet på svin, sau, geit og fjørfe viser nokon auke.

Samanlikna med 1952 har det vori auke i omsetnaden av både plante- og mjølkeprodukt. Hausten 1953 har det likevel vori litt svikt i tilførsla av kjøt og fleisk.

Helsetilstanden hos husdyra våre er stort sett god. Det er for tida ingen faretrugande farsotter, og arbeidet mot dei viktigste husdyrsjukdomane går etter planen.

Det er bra tilførsel og lager av kraftfôr og kunstgjødsel.

I 1953 er det gjevi stønad til å leggje inn vatn på i alt ca. 17 000 eigedomar med om lag 22 000 huslydar og 75 000 menneske.

Oppgåvene for jorddyrking og bureising i 4. kvartal er enno ikkje ferdige. Dei tala som er nemnde nedanfor, er difor berre omtrentlege.

Ein reknar med at det nydyrka arealet i 1953 kjem opp i vel 42 000 dekar, eller om lag 10 000 dekar meir enn i 1952, da det vart nydyrka i alt 32 563 dekar.

Grøfting av tidlegare dyrka, men vassjuk jord kjem opp i om lag 35 000 dekar mot 19 250 dekar i 1952.

Overflatedyrking til beite og slått kjem opp i vel 30 000 dekar mot 26 035 dekar i 1952.

I 1953 er det bygd ferdig 490 bureisingsbruk, og det er gjevi stønad til å reise 150 nye bruk.

Vidare reknar ein med at det vil bli ferdig-bygd om lag 1 650 anlegg for gjødseloppsamling, 786 potetkjellarar og 1 600 siloar.

Til vegbygging i samband med bureising og jorddyrking m. m. er det i 1953 gjevi stønad til 350 km veg med ein sum på i alt ca. 2,3 mill. kroner. I same tidsromet er det bygd ferdig 270 km veg.

Skogbruket.

Etter førebels oppgaver pr. 30. juni 1953 var det i driftsåret 1952—53 avverka om lag 7 mill. m³ salstømmer. Det svarar om lag til medels avverkingskvantum for alle åra etter krigen. Driftstilhøva var gode for heile lan-

det siste året, og tilgangen på arbeidskraft var òg stort sétt fullnøyande.

I 1952—53 er det med statstilskot bygd 493 km skogsbilveggar og 52 km traktorveggar til eit verd på i alt 7,4 mill. kroner. Av dette har staten ytt 1,7 mill. kroner eller om lag 23 pst. Til samanlikning kan nemnast at det i året 1951—52 vart bygd 341 km skogsbilveggar og 51 km vinterveggar med statstilskot. Det er enno mykje bruk for at det blir bygd skogveggar.

Skoggrøftinga har òg auka i dei siste åra. I 1952 — som er siste året det er oppgáver for — vart det tørrlagt om lag 46 500 dekar myr og vassjuk skogmark. Samstundes vart det reinska om lag 1,6 mill. meter grøft. Til samanlikning kan nemnast at det i 1951 vart tørrlagt eit areal på 49 800 dekar og reinska om lag 0,5 mill. meter grøft. I 1953 har det truleg vori ein auke både i nygrøfting og i oppreinsking av gamle grøfter.

Skogreisinga i kystbygdene og skogkulturarbeida i resten av landet har hatt god framgang i 1953. Det er såleis planta om lag 45 mill. plantar, og av dei er helvta planta i kystbygdene, der mange herad no arbeider med skogreisingsplanar.

Tilgangen på skogfrø har ikkje vori heilt god, og det har vori turvande å føre inn store mengder frø frå utlandet. Etter den gode sumaren i 1953 er det god von om frør på gran i 1954.

Skogplanteskulane har hatt eit godt år og rår no over ei plantemengd på 350 mill. Dette er meir enn i noko år før.

Kjøparar og seljarar av tømmer vart i september 1953 gjennom frie tinginger samde om tømmerprisane for 1953—54. Prisane vart stort sétt dei same som året før, bortsett frå ein liten nedgang på sume slag vyrke av furu.

Hausten 1953 har vèrtilhøva vori sers gode for tømmerhogsten, og det har vorti avverka meir tømmer enn hausten 1952. Såleis var det pr. 15. desember avverka 2,8 mill. m³ mot om lag 2,1 mill. m³ på same tid året før. Tilgangen på arbeidskraft i skogbruket har vori god hausten 1953.

F i s k e t.

Fangstmengda i 1953 skulle etter førebels oppgáver i alt koma opp i 1,3 mill. tonn til eit førstehandsverd på i alt 450 mill. kroner. I 1952 var fangstmengda om lag 1,7 mill. tonn, det høgste årskvantum i norsk fiske, med eit tilsvarende førstehandsverd på 520 mill. kroner. Medelkvantumet i åra 1930—39 var på om lag 0,9 mill. tonn, og i åra 1948—52 på om lag 1,4 mill. tonn.

Nedgangen i fangstmengda kjem for det meste av det ulaglege vèret i den tid vintersildfisket og Lofot-fisket stod på.

Vintersildfisket gav ei fangstmengd på 670 000 tonn mot 820 000 tonn i 1952.

Lofot-fisket gav ei fangstmengd på 50 000 tonn mot 90 000 tonn i 1952. Skreifisket elles kasta òg mindre av seg enn i 1952.

Vårfisket i Finnmark slo svært bra til og gav den største fangstmengda etter krigen, 43 000 tonn torsk.

Torskefisket ved Vest-Grønland gav eit noko betre fangstresultat enn i fjor.

Vinninga av islandssildfisket var svært bra. Feitsildfisket slo òg godt til, men det ser ut til at småsildfisket har gjevi ei langt lågare fangstmengd enn året før. Brislingfisket må òg seiast å ha vori svært godt.

På mange område har det vori svikt i utførsla av fisk og fiskevarer i 1953. Utførselsverdet gjekk ned til om lag 670 mill. kroner mot i alt 855 mill. kroner i 1952. Nedgangen i utførsla kjem i ikkje liten mon av at fangstene var mindre. Det gjeld til dømes utførsla av sildemjøl, som er ei av dei varene som gjev størst utslag i totalverdet. Den stutte fangsttida i vintersildfisket førde òg til at utførsla av fersk og delvis frosen vintersild vart mindre. Kleppfiskutførsla vart sterkt råka av valutarestriksjonar i Brasil, og enda utførsla i den siste tida har komi godt i gang, har ho alt i alt gått mykje ned i år, og det har vori tendens til prisnedgang. Lagra av kleppfisk og tørrfisk er noko større 1. januar i år enn på same tid i fjor. Utførsla av fersk og frosen fisk har vori merkt av prisfall og sterk tevling, og utførslemengdene er mindre enn i 1952. Størjefisket slo noko feil, og det har naturleg nok ført til mindre utførsle av fersk og frosen størje. Hermetikutførsla har teki seg opp i den siste delen av året, sidan det har vorti lempa på innførslerestriksjonane i viktige avtakarland. Sardinutførsla til USA har stigi jamt.

Utbygginga av fryseri og kjøleanlegg m. m. har haldi fram. Den utbygging av slike anlegg som er vedteken i samband med utbyggingsprogrammet for Nord-Noreg, er på byrja, og venteleg kjem fryseriet i Berlevåg og sildoljefabrikken i Vadsø i drift i 1954.

K v a l f a n g s t.

I fangstbolken 1952—53 var den norske deltakinga i kvalfangsta i Antarktis ikkje lite mindre enn i førre fangstbolken. I den pelagiske fangsta vart det nytta berre 7 flytande kvalkoker og ei hjelpekoke med 95 kvalbåtar mot 10 flytande kvalkoker og 132 kvalbåtar i

førre fangstbolken. Landstasjonen i Husvik Harbour vart som før driven med 7 kvalbåtar.

Sidan deltakinga var mindre, vart òg fangsta mindre i 1952—53. Dei norske ekspedisjonane produserte i alt 814 000 fat kval- og spermolje, eller om lag 30 pst. mindre enn i førre fangstbolken. Kvaloljeproduksjonen åleine var på 784 000 fat eller 133 000 metriske tonn. Av den vart det levert 23 000 tonn til norsk industri, resten gjekk til utlandet.

Salsprisen for utførsleoljen frå fangstbolken 1952—53 vart i medeltal berre £ 71-10 pr. long ton mot i medeltal £ 82-10 i førre fangstbolken. Heile verdet av den norske produksjonen av kvalolje, spermolje og attåtprodukt i Antarktis 1952—53 kom ikkje opp i meir enn 198 mill. kroner, mot tilsvarande 311 mill. kroner i førre fangstbolken.

I denne fangstbolken 1953—54 er Noreg med i fangsta med heile kvalkokeflåten på 9 skip, og dei bruker denne gongen 100 kvalbåtar. Landstasjonen i Husvik Harbour blir framleis driven med 7 kvalbåtar.

Industrien.

Auka etterspurnad har ført til auka industriproduksjon i 1953. I alt reknar ein med at produksjonen i bergverk, industri og kraftforsyning kjem til å liggje om lag 4 pst. høgre enn i 1952.

Både utførsle- og heimeindustrien synte auke i produksjonen frå 1952 til 1953. I utførsleindustrien var det serleg ved bergverka og treforedlingsindustrien produksjonen gjekk opp frå året før. Sterkast produksjonsnedgang var det ved sildoljefabrikkane.

Av ein skilde greiner av heimeindustrien hadde skotylfabrikkane, møbel- og innreiingsfabrikkane, teglverka og gummivareindustrien størst oppgang i produksjonen. Sterkast produksjonsnedgang var det ved sjokoladefabrikkane, papp- og papirvarefabrikkane og glasverka. Produksjonsauken var i alt noko større for forbruksvareindustrien enn for investeringsindustrien.

Kolproduksjonen på Svalbard gjekk ned frå 453 000 tonn i 1952 til om lag 430 000 tonn i 1953. Ved gruvene i Kings Bay har det ikkje vori nokon produksjon sidan ulykka sist vår.

Elektrisitetutbygginga har haldi fram stort sétt etter det fastlagde programmet. I året som gjekk har det komi til om lag 310 000 kW ny maskinkapasitet i kraftverka. Dette uvanleg store talet kjem likevel noko av at sume større einingar som skulle ha komi i drift før årsskiftet, først kom inn etter. Det har stort sétt vori medels bra med vatn, men noko mindre i Nord-Noreg. Kraft-

produksjonen er komen opp i om lag 19 500 mill. kWh.

Byggje- og anleggsverksemda.

Dei retningslinene som har vori gjeldande for bustadbygginga i 1953 har stort sétt vori dei same som året før. Fullmaktene til dei fylkeskommunale styremaktene har likevel vori utvida så dei har kunna gje byggjeløyve til bustadbygg etter som dei rekna med tilgang på arbeidskraft. Dessutan hadde dei fullmakt til å gje byggjeløyve til mindre skolar, heradshus o. l.

Bustadbygginga har framleis auka, og ein reknar at det i året er ferdigbygd om lag 35 000 husvære. Byggje- og anleggsverksemda har elles òg vori stor, mellom anna i samband med vernebuingsiltaka.

Tilgangen på dei viktigaste materialane har stort sétt vori god, men det har vori naudsynt å føre inn eit større kvantum sement, så det skulle vera nok både til sivilt og militært bruk. Rasjoneringa av trelast er bortteken, men sidan det trengst så mykje til bygg, har det vori naudsynt å halde oppe rasjonering av teglstein og sement.

Investeringane i byggje- og anleggsverksemd har i 1953 vori større enn året før. Auken er truleg om lag 7 pst. rekna i faste prisar.

Skipsferdsla.

I dei 3 første kvartala av året hadde flåten ein nettoauke på 283 000 br. tonn mot i heile året 1952 274 000 br. tonn. Held ein kvalfangstflåten utanfor, var handelsflåten pr. 1. oktober 1953 på ca. 6 330 000 br. tonn.

Bruttotilgangen til flåten var i dei tre første kvartala av 1953 på i alt 413 000 br. tonn, og denne tilgangen var for det meste nybygde skip. Frå utlandet vart det innført nye skip på til saman 279 000 br. tonn, og frå norske verkstader vart det levert nybyggingar på i alt 91 000 br. tonn. Dette er det meste som nokosinne har vorti bygd i Noreg i eit så stutt tidsrom. I dei tre første kvartala i 1952 leverte norske verkstader i alt 77 000 br. tonn. Tilgangen av eldre skip, innkjøpte frå utlandet, var i dei tre første kvartala i 1953 berre på 43 000 br. tonn.

Frågangen frå handelsflåten var i dei tre første kvartala av 1953 på i alt 131 000 br. tonn; 114 000 br. tonn av denne frågangen galdt sal av eldre skip til utlandet. I dei to åra før var salet til utlandet monaleg større, i heile 1952 217 000 br. tonn og i 1951 406 000 br. tonn.

Den store tilgangen på ny tonnasje og salet av eldre tonnasje til utlandet i dei siste åra har ført til ei sterk betring i alderssamansetninga åt flåten. Ved utgangen av 1952 var 44 pst. av tonnasjen under 5 år gamal, mot berre 17 pst. ved utgangen av 1946.

Nykontraheringa av skip har vori lita i 1953. I dei 10 første månadene av året vart det kontrahert ved utanlandske verkstader i alt 162 000 br. tonn, men ein tonnasje bortimot denne storleiken gjekk frå ved kontrakter som fall bort eller vart kansellerte, slik at netto-kontraheringa i det same tidsromet vart på berre 3 000 br. tonn, mot 759 000 br. tonn i heile 1952 og 1 624 000 br. tonn i heile 1951. Pr. 1. november 1953 var det i bygging og tinga for norsk rekning ein tonnasje på i alt 2 600 000 br. tonn. Av denne tonnasjen var om lag 2 040 000 br. tonn kontrahert i utlandet og om lag 560 000 br. tonn i Noreg. Av tonnasjen som var kontrahert i utlandet og i Noreg, var i same fylgd 76 pst. og 81 pst. tanktonnasje.

Fraktmarknaden har haldi seg svært stabil i heile 1953, men på om lag det same låge nivået som han var komen ned på i slutten av 1952. Jamt over har fraktene for tørrlastskip i 1953 berre legi lite grann høgare enn nivået før fraktstigninga sette inn hausten 1950. Dei fraktene som har vori betalte i 1953, har vori høge nok til å halde mesteparten av verdsflåten i fart, men mange skip, serleg eldre farty, har loti sigle med lita eller inga fortene. Det har òg vori litt opplegg, først og fremst av gamal tonnasje. Av norske skip har opplegget i dei 11 første månadene ymsa mellom 33 423 br. tonn i januar og 102 924 br. tonn i oktober. Den 1. desember var det lagt opp 30 norske skip på 80 404 br. tonn. Storparten av desse skipa er gamle og små farty. Det er serleg småskipa, dvs. skip på opp til 2 500 br. tonn, som har hatt vanskar med å få frakter som har lønt seg.

Tankskipa hadde lågare fraktratar i 1953 enn på lenge. Dette heng vel først og fremst saman med den sterke ekspansjonen i tankfarten. Turfraktene for tankskip låg i 1953 lågare enn i noko år sidan 1949. Men det er berre ein liten del av den norske tankflåten som er bunden til turcerteparti — ikkje fullt 9 pst. Om lag 73 pst. av tankflåten sigler på tidscerteparti, og størstedelen av denne tonnasjen på certeparti som krev etter måten høgare ratar enn det har vori slutta til i 1953.

Ein reknar med at dei nettografaktinntektene som handelsflåten vil gje i utanriksfarten, blir 450 til 500 mill. kroner lågare enn året før, eller i alt om lag 1 550 mill. kroner i 1953 mot om lag 2 050 mill. kroner i 1952.

Innanlandsk samferdsle.

Jernbanestrekningen Lillestrøm—Hamar vart opna for elektrisk drift i juni 1953. Dermed er i alt 1 130 km eller vel ein fjerdedel av den samla linelengda til Statsbanene elektrifisert. Strekingen Bergen—Voss, om lag 100 km, reknar ein med vil bli opna for elektrisk drift i 1954. Statsbanene har fått ein del nytt rullande materiell i året som gjekk, og kunne difor greidd ein auke i ferdsla, men jamført med året før synte persontrafikken i 1953 litt nedgang, og godstrafikken gjekk sterkt tilbake.

Det er grunn til å tru at nedgangen i jernbaneferdsla har samanheng med at folk meir og meir har gått over til å bruke biltransport; det gjeld både persontrafikken og godstrafikken. Det finst ikkje her noko trafikktalet å halde seg til, men den relativt store innførsla av motorkøyrety kan tyde på at ei slik utvikling har gått føre seg. Det har òg vori ei jamn stiging i talet på ferdafolk som rutebilselskapa har køyrt i dei siste åra.

Lastebilar og bussmateriale er på friliste. Av bilmateriell som er rasjonert, har det i 1953 vori til rådvelde monaleg færre vogner for dei som ville kjøpe. Dette kjem mest av at tildelinga av varebilar har vori mindre.

Både person- og vareførsla med rutefly auka mykje i 1953.

Turisttrafikken var svært stor i 1953. Talet på innreiste utlendingar auka med om lag 15 pst. frå året før, og nådde nære på 700 000 i 1953. Hotella hadde jamt over litt fleire gjester enn i 1952.

Postverket hadde i 1953 som i åra før stor trafikk, og serleg var det stor utviding av pengeformidlinga. Rikstelefontrafikken var noko større i 1953 enn året før, medan telegramtrafikken synte ny nedgang.

Sysselsettinga.

Den samla sysselsettinga har i 1953 vori høgare enn noko år etter krigen. Talet på lønsmottakarar har såleis i dei tre siste kvartala vori frå 10 til 20 000 høgare enn i fjor, medan auken i den arbeidsføre delen av folket på grunn av den naturlege tilveksten har vori berre om lag 6 000. Serleg har det vori ein sterk auke i byggje- og anleggsverksemda. I 2. og 3. kvartalet var talet på sysselsette her om lag 12 000 større enn i dei tilsvarande kvartala i 1952. Vel 3 000 av denne auken fell på dei byggje- og anleggsarbeid som forsvaret har i gang. I 1. kvartalet var sysselsettinga i industrien noko lågare enn dei to siste åra, men ho tok seg seinare svært godt opp att, serleg i siste halvparten av året, og

ligg no på om lag same høgd som i rekordåret 1951. Den største auken har det vori i skipsbyggeria, annan jern- og metallindustri, trevareindustrien, nærings- og nyttingsemneindustrien, kledeindustrien og treforedlingsindustrien. I tekstilindustrien og hermetikkindustrien har sysselsetjinga legi noko lågare enn i 1952. Sysselsetjinga i forsvaret, forretningsverksemda og anna immateriell verksemd synte auke. I jordbruket og skogbruket har det framleis vori nedgang.

Både tilbodet om og etterspurnaden etter arbeidskraft gjennom arbeidsformidlinga har vori noko større i 1953 enn i 1952. Trass i ein tendens til sterkare auke i tilbod enn i etterspurnad har det likevel i 1953 òg vori ein viss skort på arbeidskraft i sume yrke og næringar, serleg i sumarhalvåret. Det gjeld i første rekkje faglærde arbeidarar til visse delar av industrien og byggjeverksemda, der til sjøfolk, jordbruksarbeidarar, hushjelper og sjukesyster. Den høgt oppdrivne sysselsetjinga i byggje- og anleggsverksemda har slegi ut i ei større sesongarbeidsløse om vinteren enn i tidlegare år. Denne arbeidsløysa er serleg konsentrert i Nord-Noreg og visse luter av Sør-Noreg. I sumarhalvåret var det svært lite arbeidsløse.

Løner.

Lønene steig mindre i 1953 enn året før. To nye drag sermerkjer lønsutviklinga. For det første var lønsglidinga monaleg mindre enn i 1951 og 1952. Dessutan var lønsstiginga noko sterkare for faglært enn for ikkje-faglært arbeidskraft.

Den 19. januar 1953 vedtok representantskapet i Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon å rå alle forbund i denne organisasjonen til å ikkje seia opp dei avtalar som gjekk ut i 1953. På møte den 27. januar vedtok så sentralstyret i Norsk Arbeidsgiverforening at verksemdene ikkje skulle seia opp tariffavtalane i 1953. I samsvar med desse vedtaka har det ikkje vori noko vidfemnande tariffbundne lønsendringar i 1953.

På visse område har det likevel fram gjennom året vorti gjennomført mindre lønsrevisjonar.

Etter tingingar og mekling er grunn-løns-satsen i jordbruket sett opp med 4 øre pr. time frå 15. januar 1953. Dette førde med seg ei tilsvarende betring i løna for dei andre lønstakarar i jordbruket. For stats- og kommunefunksjonærar er det i 1953 gjort justeringar av lønnsregulativet. Dessutan er ein-skilde avtalar for arbeidsleiarar og tekniske funksjonærar reviderte i 1953. For dei andre gruppene av lønstakarar blir dyrtidstillegga

etter kvart regulerte inn i tariff-lønssatsane, slik det vart fastsett ved tariffrevisjonane i 1952.

I 1953 var det færre og mindre vidfemnande arbeidskonfliktar enn i 1952. Dei største konfliktane var rutebilsjåførstreikane i mars og september, som til saman femnde om ca. 1 700 mann og førde til 14 000 tapte arbeidsdagar.

Prisutviklinga.

Prisnivået heldt seg i første halvta av 1952 nokolunde stabilt. Frå midten av året tok prisane atter til å stige litt. Alt ut på hausten nådde denne prisstiginga høgda og vart fylgd av ein veik prisnedgang som varde til førstninga av 1953. Både engrosprisinivået og levekostnadene har sidan haldi seg så å seia ubrigda.

Engrosprisindeksen seig i tida oktober 1952 til februar 1953 med om lag 3 pst. og har sidan haldi seg konstant, bortsett frå ei stiging i oktober på 1 poeng, som for det meste kom av at fleskeprisen steig med årstida. I tidsrommet november 1951 til november 1952 steig engrosprisinivået med nærepå 6 pst.

Prisutviklinga har vori ulik for innførslevarer og for varer som er produserte her i landet. For innførslevarer har engrosprisane stort sett slegi jamt heile det siste året, og dei låg i november 1953 mesta 8 pst. lågare enn eit år tidlegare. For norskproduserte varer gjekk engrosprisindeksen ned med innpå 2 pst. frå november i fjor til mars i år, for det meste for di prisen på mjølk og egg gjekk ned. Engrosprisindeksen for norskproduserte varer har seinare stigi noko att, og låg i november 1953 så å seia på same nivået som eit år før.

Nedgangen i prisane på råvarer for industrien og på halvfabrikata svarar for det meste av nedgangen i engrosprisindeksen det siste året. Men prisnedgangen for desse varene har ikkje vori ålmenn, for prisane for den norske marknaden på tremasse, cellulose og papir, så nær som avis-papir, har stigi noko. Tollnedsetjingane for kaffi og sukker har ført til noko nedgang i engrosprisindeksen for kolonialvarer. Engrosprisindeksen på jordbruksvarer har stigi litt i tidbolken.

Også levekostnadsindeksen seig noko frå oktober 1952 til februar i år. Men nedgangen var liten, berre 1,5 pst., og sidan har indeksen atter stigi litt, slik at han i november i år ligg eitt poeng over nivået for eit år sidan. Frå november 1951 til november 1952 steig levekostnadsindeksen med 7,8 pst. Medan engrosprisindeksen no ligg om lag 50 pst. over

nivået i 1949, har levekostnadsindeksen stigi med 37 pst. i same tidsromet. Men frå 1951 har likevel levekostnadsindeksen stigi noko sterkare enn engrosprisindeksen.

Aukinga av mjølkesubsidiene saman med nedsetjinga av tollen på sukker og kaffi førde til ein nedgang i indekstalet for matvarer i desember 1952 på om lag 2,5 pst. Svingingar i prisane på fleisk og egg saman med ein viss stigande tendens i kjøtprisane har seinare ført til at indeksen for matvarer har stigi litt att. Indekstalet for kol, koks, ved og petroleum har gått ned 2,7 pst. frå november 1952 til november 1953 på grunn av lågare prisar for innført brensel. For husleige og elektrisitet syner indeksen ei lita stiging, men han har i same perioden legi så å seia fast for kledevarer, drikkevarer og tobakk. Andre utgifter steig med 4 pst., for det meste på grunn av auken i sjuketrygdpremiene i oktober 1953.

Penge- og kreditt-tilhøva.

På grunn av underskotet i betalingsbalansen med utlandet har Noregs Bank i 1953 hatt eit etter måten stort nettosal av valuta. Den minking av likviditeten til bankar og publikum som dette skulle ha ført til, vart motverka av lån frå staten til statsbankane.

Utlåna frå aksje- og sparebankane auka i 1953 noko meir enn i året før. Samstundes auka innskota noko mindre. Det vart i 1953 eit utlånsoverskot på ikring 80 mill. kroner. Innskota på sparevilkår og 6 månader oppseiing fekk i året ein større part av dei samla innskota enn førre året, samstundes som innskota i Postsparebanken framleis auka sterkt.

Aksje- og sparebankane hadde i slutten av året statskasservekslar for ikring 450 mill. kroner. Det svarer til ein auke på om lag 70 mill. kroner i 1953, men samstundes gjekk kassebeholdningen åt bankane og folioinnskota deira i Noregs Bank ned.

Stortinget har i året gjevi Finansdepartementet fullmakt til å låne ut til statsbankane enda 350 mill. kroner til. I alt lånte statsbankane om lag 500 mill. kroner av staten i 1953. Det svarar om lag til auken i utlån frå statsbankane. Den var i dette året noko større enn i 1952.

Staten tok ikkje opp noko fast lån på den innanlandske marknaden i 1953. Nokre av statsbankane har teki opp mindre, kortsiktige 2½ pst. obligasjonslån. For langsiktige stats- og statsgaranterte obligasjonar har kursen vori om lag som i 1952, med ein veik tendens til å stige i slutten av året.

Noregs Banks diskonto har også i 1953 vori 2½ pst.

Offentlege finansar.

Den finansielle stoda til kommunane må framleis stort sétt seiest å vera god. Men dei økonomiske tilhøva er svært ulike for dei ymse kommunane.

I budsjettåret 1953—54 vart det stelt til rådvelde om lag 60 mill. kroner til ein skatteutjamningsskipnad. Tanken med den er å setje dei kommunar som elles ikkje maktar det, i stand til å løyse oppgåvene med ei skattlegging som etter tilhøva er rimeleg, og å lyfte den ålmenne standarden i kommunar som må seiest å vera vanskeleg stelte økonomisk. Om lag 50 mill. kroner er bytte på 468 landkommunar og 17 bykommunar, og om lag 10 mill. kroner er gjevne som tilskot til fylkeskommunar til å setje ned fylkesskatten.

Dei kommunale skattane steig med om lag 25 pst. i 1952—53, men ein må rekne med langt mindre stiging i 1953—54. Frå budsjettåret 1953—54 er reduksjonstabellane endra, serleg til bate for skattytarar med noko store huslydar.

Dei store investeringane i tida etter frigjeringa har ført til ikkje liten auke i lånegjelda åt kommunane. Over 80 pst. av lånegjeldsauken kjem av dei store utgiftene til elektrisitetsutbygginga.

Både inntektene og utgiftene på statens budsjettrekneskap for 1952—53 er større enn året før. Reknar ein avdraga med, kom inntektene opp i 4 386 mill. kroner. Utgiftene på driftsrekneskapen vart 3 698 mill. kroner. Med avdraga på statsgjelda, 257 mill. kroner, og anleggsutgiftene, 318 mill. kroner, vart utgiftene i alt 4 273 mill. kroner. Overskotet på heile budsjettrekneskapen vart såleis 113 mill. kroner.

Men samstundes har dei overførde løyvingane, som kviler som ein skyldnad på statskassa, gått opp med 365 mill. kroner. Av dei er det føresetnaden at 59 blir dekte av tidlegare avsetjingar og av motverdimidlar.

Det private forbruket.

Det private forbruket, rekna i faste prisar, steig med ikring 2 pst. frå 1952 til 1953. Jamført med tilsvarande kvartal året før har stiginga i forbruket vori minkande sidan tredje kvartalet 1953.

Matvareforbruket, rekna i faste prisar gjekk ned med om lag 1 pst. frå 1952 til 1953. Det må ein sjå i samanheng med prisutviklinga, som har ført til at matvareprisane no ligg høgt jamført med prisane på andre forbruksvarer. Sidan det venteleg har gått for seg ei forskyving bortimot billigare matvarer, er det mogleg at det i mengd ikkje har vori nokon nedgang i matvareforbruket.

Forbruket av drikkevarer og tobakk har gått noko ned, mest av di brennevinsomsetnaden har minka. Forbruksposten hus, lys og brensel syner framleis jamn stiging i takt med bustadbygginga. Forbruket av klede og sko låg i 1953 om lag på det same som året før. Utgiftene til reiser steig med vel 1 pst., rekna i faste prisar, og forbruket av andre tenester noko meir.

Det er no ikkje lenger knapt om viktige forbruksvarer, bortsett frå hus.

Investeringa.

I 1953 vart 34 pst. av bruttonasjonalproduktet nytta til bruttoinvestering. Det var om lag den same prosenten som i 1952.

Bruttoinvesteringa i bygningar og anlegg auka med ikring 5 pst. frå 1952 til 1953. Det kjem både av auka husbygging og auka sivil anleggsverksemd. Det har òg vori ei sterk stiging i bruttoinvesteringa i skip og båtar frå 1952 til 1953. Den gode fraktmarknaden og lettare kontraheringsføresegner i 1951 og 1952 førde til at det vart kontrahert mange skip som no etter kvart blir leverte. Investeringa i maskinar og transportmateriell auka med knapt 5 pst., ein auke som er mykje mindre enn åra nærmast før.

Lagra av kleppfisk auka mykje på grunn av vanskane med utførsel til Brasil i første delen av året. Lagra av trelast, sukker, kaffi og olje og feittstoff gjekk ned.

Kyrkje, skole og opplæring.

Det er no om lag 890 prestestillingar i kyrkja. I året 1953 er det ordinert 31 nye prestar til teneste i kyrkja og religiøse samskipnader. Det er fastsett at lova frå 29. april 1953 om Den norske kirkes ordning skal ta til å gjelde frå 1. januar 1954. Arbeidet med å atterreise kyrkjene i krigsskadde strok held fram. I 1953 er det ved kongeleg resolusjon gjevi samtykke til atterreising av 2 kyrkjer i Finnmark (Vardø og Hasvik) og 2 kyrkjer i landet elles (Berg i Senja og Sola).

Elevtalet i folkeskolen er enno sterkt stigande, og dette set store krav til skolerom og lærarkrefter. Nybygging av skolar har auka i 1953, og det er utdana 839 nye lærarar. Framhaldsskolen har hatt god framgang, serleg i bygdene.

Det er framleis plassmangel ved spesialskolane for døve, born med talevanskar og evneveike, sidan tilgangen på nye elevar aukar. Lova frå 23. november 1951 om statens spesialskolar tek òg med dei tunghørde, og Kyrkje- og undervisningsdepartementet har derfor sett ned ei nemnd som skal leggje

ein landsplan for undervisninga av tunghørde og døve.

I skoleåret 1953—54 er det 43 915 elevar i realskole og gymnas. Ein reknar at om lag 4 000 av dei skal opp til eksamen artium og noko over 7 000 opp til realskoleeksamen våren 1954.

Staten har hausten 1953 teki over Gudbrandsdal landsgymnas som offentleg gymnas. I samsvar med landsplanen frå 1940 om utbygging av høgre ålmennskolar på bygdene er det vidare sett i gang ein statsrealskole for Sør-Trøndelag på Ørland hausten 1953. Arbeidet med å reise permanente bygningar for Åmli statsrealskole kom i gang i 1953. Statsrealskolane i Balestrand og Tingvoll har hausten 1953 teki i bruk første delen av dei permanente bygningane. 5 nye kommunale høgre ålmennskolar har fått vanleg statstilskot.

Det er 75 folkehøgskolar i gang dette skoleåret. I fjor var talet 78. 3 skolar er mellombels nedlagde. Folkehøgskolane har i år kring 4 300 elevar på hovudkursa. Det er om lag same elevtalet som i fjor. Lærarskolane har siste året teki opp 31 klassar. Klassenetalet er no 67 med 2 040 elevar. Det er sett i gang ein ny mellombels lærarskole, Statens lærarskoleklasser i Bergen.

Lov frå 14. juli 1950 om lærlingar i handverk, industri, handel og kontorarbeid er frå 1. oktober 1953 gjort gjeldande for 6 nye handverksfag og 10 faggrupper av jarn- og metallindustrien. Til det faste yrkesskolebudsjettet er i 1953 ført over 2 nye skolar for husmorvikarar.

Ved Universitetet i Oslo var det i haustsemestret om lag 3 300 studentar. Det er serleg innanfor dei frie studia studenttalet har minka. Ved Universitetet er det tilsett vel 700 faste tenestemenn og lønsbudsjettet er på over 8 mill. kroner. Utbygging av Blindernanlegget held fram. Studentsamskipnaden i Oslo har komi godt i gang med studentbyen på Sogn. Ved Universitetet i Bergen stig studenttalet. I haustsemestret 1953 har det vori 450 studentar delt på 3 fakultet. Det er i alt 150 fast tilsette tenestemenn ved universitetet, og lønsbudsjettet er på noko over 2,4 mill. kroner. Ved Norges Tekniske Høgskole har det i haustsemestret vori 1 152 studentar. Utbygging av høgskolen held fram. Eit nytt oppredningslaboratorium ved Bergavdelinga er teki i bruk, og blokk I ved det nye kjemiske instituttet vil bli teken i bruk ved dette årsskiftet. Byggjearbeidet ved blokk II er i gang. Frå 1. juli 1953 er det skipa 3 nye professorat. Noregs Tannlækjarhøgskole hadde hausten 1953 200 studentar. Statens Lånkasse for studerande ungdom har i budsjett-

året 1952—53 gjevi lån til 4 815 låntakarar med ein samla sum på 10 585 650. I dei 6 første driftsåra (1947—1953) har utlåna vori i alt 42 760 892. Ved Noregs handelshøgskole har det i haustsemestret vori 160 faste studerande.

Det er løyvt kr. 200 000 som tilskot til reisemoderasjon for studentar og skoleungdom.

Dei folke- og skoleboksamlingar som har statsstønad, har hatt god framgang i 1953. Det syner seg at utlånet etter kvart blir større, og det er lånt ut noko meir enn 5 mill. band frå folkeboksamlingane og noko meir enn 2 mill. band frå skoleboksamlingane. Eit par kommunar har i det siste året reist eigne bygningar for biblioteka sine og i fleire andre kommunar er dei i gang med å reise eller planleggje eigne bygningar.

Utbygging av det frie kulturarbeidet held fram, med tiltak til å stimulere opplysningsarbeidet i organisasjonane og tiltak til å føre kulturverde og kunst til alle strok i landet. Riksteatret hadde i 1953 framsyningar på i alt 200 ulike stader, og om lag 70 000 menneske såg framsyningane. Norsk Bygdekino har hatt om lag 15 000 framsyningar for om lag 950 000 menneske. Riksgalleriet er komi i gang med verksemda og har sendt 3 utstillingar på vandring. 23 000 menneske har sett utstillingane. Opplysningsfilm frå Statens Filmsentral vart synt fram for meir enn 795 000 menneske. Statens Teaterskole er komen i gang med si første klasse og skal etter planen bli ein 3-årig skole. Det frie studiarbeidet og kveldsskolane er i framvokster med sterk auke i talet på studieringar. Fleire organisasjonar er komne med i samarbeidet.

Det er skipa eit Statens Ungdomsråd som rådgjevande organ i ungdomssaker. Av overskotet i Norsk Tipping A/S for 1952 vart det til vitskaplege formål delt ut kr. 14 000 000 og til idrettsformål kr. 6 000 000. Arbeidet med å byggje ut idrettsanlegg held fram etter dei planar som Statens Ungdoms- og Idrettskontor har lagt i samarbeid med idrettsorganisasjonane, kommunar og fylke. Etter krigen er over 1 700 idrettsanlegg gjort ferdige, og over 3 000 anlegg er i arbeid eller under førebuing. Arbeidet med samfunnshus er teki opp på om lag 500 stader.

Helsestellet.

Helsetilstanden i folket må no seiast å vera god jamført med tilhøva i dei fleste andre land. Levealderen er i medeltal om lag 70 år for menn og om lag 73 år for kvinner. Av spebarn (i første leveåret) døydde om lag

25 pr. 1 000 levandefødde. Infeksjonssjukdomane spelar ei stendig mindre rolle som dødsårsak. Ulykker er skuld i dei fleste dødsfalla i barne- og ungdomsåra, serleg trafikkulykker og drukningsulykker. I aldersgruppane av vaksne er krinslaupsjukdomar og kreftsjukdomar dei viktigaste dødsårsakene.

Talet på personar som får akutte infeksjonar går òg tilbake. Dette gjeld såleis sjukdomane tyfoidfieber, difteri og skarlaksfeber. Poliomyelitten har derimot vorti ein alt meir tidgjengd sjukdom dei siste 10 åra. Kjønnssjukdomane er no sjeldnare enn før krigen. Det førebyggjande arbeidet mot tuberkulosen har ført til ein monaleg nedgang i talet på dødsfall av tuberkulose, men sjukdomen er likevel framleis eit alvorleg problem. Pestsjukdomar, slike som koppar og flekktyfus, har vi ikkje hatt tilfelle av sidan 1946. Talet på tilfelle av kroniske, ikkje smittsame sjukdomar som kreft og hjartesyjukdomar aukar for di prosent av eldre personar i folket er høgere, og kan hende også av andre årsaker. Det er mykje større trong til behandling av sinnsiding enn før.

Folket har jamt over bra med føde. Sveltefødning og mangelsjukdomar finst det berre unnatakstilfelle av, overvekt er ikkje sjeldsynt mellom vaksne. Tannrøte er framleis ein dominerande sjukdom i yngre aldersgrupper.

Det ålmenne helsetilsynet med gravide, spebarn og skolebarn held fram. Tilsynet blir stendig meir utbygd, og arbeidet er teki opp med å revidere skolelækjarordninga. Det serlege helsetilsynet ved verksemdar femner om ca. 190 000 arbeidarar og funksjonærar. Det er innført ei serskild helseteneste for sjøfolk, både i Noreg og i utlandet.

Det er om lag 4 000 lækjarar i landet, men det dekkjer ikkje fullt ut trongen til lækjarhjelp. Talet på registrerte sjukepleiarar er no om lag 11 000, men det er mykje for lågt. Tilgangen til yrket er liten, og det er ein aukande skort på sjukepleiarar. Jordmortenesta er bra utbygd. Det er for tida om lag 2 000 tannlækjarar, eit tal som òg er for lågt. Folketannrøkta er innført i Finnmark og i Nordland fylke, og blir vidare utbygd der.

Styret i Norsk medisinaldepot har teki opp arbeidet. Av apotek finst det no 270, og det er stendig bruk for fleire. På grunn av dei nye aldersføresegnene for apotekarar, rår det ein viss skort på farmasøytar. Tilgangen til farmasøyt-yrket skulle vera fullnøyande på lengre sikt.

Utbygginga av Rikshospitalet har haldi fram. I landet er det no 29 530 sengeplassar på ålmenne og spesialiserte sjukehus. I 1953 er det teki i bruk 600 nye sjukehusplassar og

godkjent 219 plassar i pleieheimar for sinnsjuke. Det er ikkje nok sjukehusplassar, og serleg er det skort på plassar for sinnssjuke og åndsveike. Talet på eldre aukar, og det fører med seg stigande trong for sjukehus og pleieheimar for gamle og kronisk sjuke. Arbeidet med å utvide Det norske radiumhospitalet er i gang.

Næringsmiddelhygienen og sanitærteknikken er til dels godt utbygd i dei større byane, men står til atters i sume mindre byar og i bygdene.

Sosiale tiltak.

Det er i 1953 gjennomført ei rad forbetringar i sosialtrygdene.

Sjuketrygda er utvida så ho femner om alle lønsmottakarar og yter no sjukehusrøkt utan tidsavgrensing. Det er innført ålmenn uføretrygd for militærpersonar og pensjonsskipnad for apoteketaten. Utanlandske flyktningar er no jamstelte med norske statsborgarar i alle trygdeskipnader.

Det er gjennomført ei betre klasseinndeling av dei trygda, og dagpengane er auka mykje. Det er gjennomført heilt fri lækjar- og jordmorhjelp under barnefødsel. Barselpengane er auka i samband med auken i dagpengane. Sjuketrygda yter no også godtgjersle for naudsynte utgifter for dei som må reise til fleire stader for å få behandling og like eins for opphald i godkjent attføringsinstitut. Gravferdshjelpa er auka både i sjuketrygda og i alderstrygda. Ytingane i ulykkestrygdene for industriarbeidarar, sjømenn og fiskarar er ikkje så lite auka. Det er gjevi høve til å leggje større vekt på kor ufør den skadde er for yrket sitt, slik at ytingane betre kan tilmåstast til det han treng. Det er òg gjevi høve til å gje serskilte tilskot til utdanning, yrkesopplæring eller hjelp til leveveg for invalidar. I samsvar med prisstigingane er dyrtidstillegget auka for krigspensjonistane og pensjonistane i pensjonstrygda for statens arbeidarar, sjømenn og skogsarbeidarar.

Barnevernet er vidare utbygd i 1953. Meir enn 200 private og kommunale barneverninstitusjonar har fått statsstønad. Den nye lova om barnevern, som tek til å gjelde 1. juli 1954, fører med seg ei omskiping av det offentlege barnevernet.

Frå 1. juli 1953 er Foldin (før Bastøy) og Bjerketun (før Bærum) offentlege skolar førde over frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet til Sosialdepartementet, og skal nyttast til å ta seg av barn og ungdom med serlege tilpassingsvanskar. Utvalet for psykisk barnevern har fått til oppgåve å koma med framlegg om korleis desse skolane (verne-

skolane) skal organiserast og utbyggjast så dei kan fylle det nye føremålet sitt. Barnevernfondet på om lag 3½ mill. kroner er no disponert. Om lag 130 barneverninstitusjonar har fått tilskot av det til nybygg, utbetringar og større nykjøp som har betra den ålmenne standarden. Det tredje eitt-års tilleggskurset for barneheimsstyrarar er avslutta. Det er stor bruk for, men enno vanskeleg om granskings- og behandlingsstader for born med tilpassingsvanskar. Av barnevernsfondet er gjevi tilskot til ein heim for miljøskaadde born på Sogn ved Oslo, og til å skipe 2 klinikkar for psykiatrisk-psykologisk granskning og behandling av born og til 2 private behandlingsheimar for slike born. Enda 2 slike heimar er sette i gang.

Husmorvikarskipnaden er no innført i 80 pst. av landkommunane og i alle byar og ladestader, så nær som eit par mindre ladestader. Det er skipa i alt om lag 1300 kommunale husmorvikarstillingar. Auken har vori jamt over om lag 150 nye stillingar i året.

Forbrukarrådet har teki til med arbeidet.

Edruskapstilhøva har vori etter måten bra. Alkoholbruken har gått ikkje lite ned sidan dei første etterkrigsåra, og alkoholbruken og talet på misferder mot rusdrykklovgjevinga ligg under førkrignivået, men syner noko stiging dei siste åra. Edruskapsnemndene har gjort eit viktig arbeid for å førebyggje alkoholisbruk og råde bot på fylgjene av misbruken. Talet på kurplassar for alkoholskaadde er etter kvart auka og er komi opp i over 300 plassar. På kurstadene blir det no behandla ikring 1000 pasientar i året.

Flyktningehjelpa er førd vidare, med hovudvekta på hjelp til sjølvhjelp. Alle tiltak for flyktningar i Noreg er samordna gjennom Det norske flyktningerådet, som i 1953 har hatt første arbeidsåret sitt.

Det er drivi eit vidfemnande omskolings- og attføringsarbeid for dei tuberkuløse flyktningane som kom til Noreg i 1953, og for flyktningar som er komne før. Det er skipa ein lånekasse med tilskot frå hjelpeorganisasjonane og Staten til å gje flyktningane eit økonomisk startgrunnlag. Rådet har òg haldi fram med arbeidet å Europahjelpa for flyktningar utanfor landegrensene. Det nære samarbeidet mellom styremaktene og dei friviljuge organisasjonane har i Rådet fått ei ramme som tryggjer at oppgåvene blir fordelte på ein føremålstenleg måte og hjelpetiltaka rasjonelt gjennomførde. Også andre humanitære, sosiale og medisinske saker er løyste gjennom samarbeid mellom styremaktene og friviljuge hjelpeorganisasjonar, og utviklinga har her vori merkt av eit stendig sterkare tilittshøve på baa sider.

R ø r s l a i f o l k e m e n g d a .

Folkemengda har i 1953 auka med om lag 32 000, slik at den folkemengda som høyrer heime i landet, ved utgangen av året vil vera 3 375 000 mot 3 343 000 ved utgangen av 1952.

Etter førebels oppgaver var det i dei 3 første kvartala av 1953 19 090 giftarmål mot 19 996 i det tilsvarende tidsromet av 1952. Det vart registrert 48 754 levandefødde born mot 47 541 i dei 3 første kvartala av 1952. Talet på døde i dei 3 første kvartala av 1953 var 21 060 mot 20 661 i det tilsvarende tidsromet av 1952.

Fødselsoverskotet i dei 3 første kvartala av 1953 var 27 694 eller om lag 800 meir enn i det tilsvarende tidsromet av 1952.

Ei førebels oppteljing av dei meldingar som er komne inn til folkeregistra om flytningar innanlands, synes at i alt 110 369 personar skifta bustadkommune i dei 3 første kvartala av 1953. Oppgåvene frå folkeregistra over flytningar til og frå utlandet i dei same 3 kvartala syner at det var eit overskot av utflytte til utlandet på om lag 1 000 personar.

Gjevi på Oslo slott 15. januar 1954.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON

(L. S.)

Oscar Torp

Leif Østern